



Røde Kors i Kinsarvik set større fokus på å kunne hjelpe fleire, betre og raskare når beredskapssituasjonar oppstår i vårt område.

Vi treng di hjelp for å få det til.

**Kan du gje oss litt,
slik at vi kan gje deg
mykje tilbake?**



+ **Røde Kors**
Beredskapsgiver



Kva er ein Røde Kors Beredskapsgiver?

Du bidrar til å finansiere kompetansen og utstyret vårt, slik at vi betre kan hjelpe fleire. Du forpliktar deg ikkje til noko anna.

Er du medlem i Røde Kors betalar du berre kr 100,- per måned, kontingenten betalar du jo allereie. Som Røde Kors Beredskapsgiver vil du, nokre gonger i året, få litt info om Røde Kors.

Du er då velkomen til å ta kontakt med di lokale Røde Kors-foreining for meir informasjon eller, om du har lyst, bli aktiv frivillig innan ein av våre aktivitetar.

Som Røde Kors Beredskapsgiver støt du di lokale foreining sitt beredskapsarbeid med kr 100,- per måned over mobilrekninga di, og kr 300,- per år i medlemskontingent (på eigen faktura). Det er alt.

Røde Kors Beredskapsgiver

Effektivt og godt beredskapsarbeid krev kompetente folk og mykje godt utstyr. Begge deler er svært kostbart, sjølv om dei frivillige i Røde Kors gjer alt arbeid gratis.

Difor håpar vi at du blir med på ein økonomisk dugnad. Som Røde Kors Beredskapsgiver støt du di lokale foreining med kr. 100,- per måned.

Slik kan du gje ditt bidrag til at alle i nærområdet vårt er betre førebudd før krisa kjem, og veit meir om korleis dei skal klare å ta vare på seg sjølv og sine når krisa kjem.

Du bidrar også til at dei frivillige Røde Kors-mannskapa får meir og betre utdanning til å takle beredskaps-

situasjonar, og meir og betre utstyr til å hjelpe deg, dine og alle andre vi bryr oss om i vårt nærområde.

Kvifor Røde Kors Beredskapsgiver?

Erfaring har vist oss at kriser og beredskapssituasjonar kjem. Inntrykket vårt er at dei kjem oftare enn før og har større negativ verknad på oss enn før. Kriser og beredskapssituasjonar kan ha ulike årsakar. Vi snakkar oftare om ras, skred, flaum, storbrann, storm. Andre gonger kan viktig offentleg infrastruktur forsvinne. Vi har kjent på det også i våre nærområde. Straumen kan bli vekke lenge, telefon, mobil og radio forsvinn. Fyrst opplever du det som irriterande, så vert du uroa, deretter opplever du situasjonen som krevjande og etter kvart kanskje også som ei krise. Forsvinn straumen over lang tid er det nesten ingen grenser for korleis ein fort blir råka. Korleis held vi oss varme? Korleis varsle om nokon vert alvorleg sjuke eller skadd, når telefonsystema ikkje verkar? Kva skjer med forsyninga av drikkevatt og matvarer?



Bli Røde Kors Beredskapsgiver du også!



Di lokale Røde Kors-forening tek ansvar i kriser

I det daglege er det offentlege myndigheiter, ofte i samarbeid med private leverandørar som sørger for at det vi alle treng blir tilgjengeleg for oss, men når ein beredskapssituasjon skjer blir alt forandra. Nesten alltid er det raskt behov for mykje fleire folk i innsats enn dei som til dagleg jobbar med slikt arbeid. Då trer frivilligheita inn. Då er det medlemene i frivillige organisasjonar som rykker ut og stiller seg til disposisjon for det offentlige leiingsapparatet og medverkar til at det er

fleire å spele på. Røde Kors er den største frivillige beredskapsorganisasjonen i Norge. Vi har lokale Røde Kors-foreningar overalt der det bur folk. Her i ditt område også.

Når noko uønska skjer, tek politiet eller den kommunale leiinga kontakt med Røde Kors og skildrar situasjonen og behovet. Røde Kors har eigne varslingsplanar og dei frivillige medlemene rykker ut. Alle i Røde Kors kan fyrstehjelp og psykososial fyrstehjelp. Mange i Røde Kors er gode på å bidra

Send
TRYGG
på SMS til
2272

i operative situasjonar der liv og helse står på spel. Andre i Røde Kors er gode på å ta vare på folk i utsette livssituasjonar, ei hand å holde i og ei skulder å stø seg til når alt ser svart ut.



Røde Kors
Beredskapsgiver

Bli Røde Kors Beredskapsgiver du også!

Send
TRYGG
på SMS til
2272

Beredskapsgiver i Kinsarvik Røde Kors



Det går ikkje så lenge mellom kvar gong vi ser at nokon kjem i ein situasjon dei ikkje handterer sjølv. I mange tiår har Røde Kors vore raskt på plassen og gitt bistand, liv vert

redda og skade vert redusert – folk kan fortsette å leve livet.

Alt tyder på at uønskete hendingar og beredskapssituasjonar vil treffe oss oftare i tida som kjem. Nokon gonger er det få som vert råka, andre gonger mange.

Vi har sett slike situasjonar her hos oss og i vårt næraste nabolag. Flaum, snøskred, ras, stengde vegar og storm er eksempel på naturskapte utfordringar vi må takle oftare. Straumbrot, telefon- og mobilbrot og brot på drikkevassforsyninga kan skje, og fører med seg ei rekke utfordringar.

Vi i Kinsarvik Røde Kors vil bli enda betre rusta til å bidra når behovet oppstår her hos oss.

Blir du Røde Kors Beredskapsgiver til Kinsarvik Røde Kors, som dekkjer heile Ullensvang Herad og meir til, vil pengane dine bli brukt til fleire viktige beredskapsformål.

Vi vil kjøpe inn beredskapsmateriell og meir fyrstehjelpsutstyr til lageret vårt her i Kinsarvik. Vi vil vidareutvikle vår kapasitet på søk-, redning og beredskap ved å investere i meir og betre utstyr, opplæring og trening.

Eg oppfordrar alle i Ullensvang Herad, og alle andre som vil støtte oss, om å bli Røde Kors Beredskapsgiver.

Beste helsing

Stig Hope

Leiar i Kinsarvik Røde Kors

Beredskapsvettreglene

- 1 Aksepter at uønskede beredskapshendelser kan ramme deg og dine.
- 2 Forstå at krevende konsekvenser kan forebyggjes og begrenses.
- 3 Du må kunne holde deg varm. Varme klær/sko er viktig. Alternativ varmekilde bør vurderes.
- 4 Du bør ha nok trygg drikke til deg selv og dine for minimum 4-6 døgn. Beregn minst 2-3 liter per person per døgn.
- 5 Du bør ha nok mat til deg og dine for minimum 4-6 døgn. Tørrmat, hermetikk og annen mat med lang holdbarhet utenfor kjøleskap/frys er anbefalt. Husk boksåpner.
- 6 Bruker du medisiner og medisinsk forbruksmateriell daglig/jevnlige bør du ha ekstra lager av dette for en periode på minimum 1-2 uker.
- 7 Du bør ha tilgang til kontante penger.
- 8 Du bør kunne motta viktig informasjon fra myndighetene, også ved langvarig strømbrytning. Ha tilgang til å lytte på radio, f.eks. batteriradio med ekstra batterier, oppladbar radio, etc.
- 9 Du bør ha gjennomført fyrstehjelpskurs i løpet av de siste 3 årene.
- 10 Eier du dyr må du ta ekstra ansvar for disse.
- 11 Unngå hamstring. Da blir det noe til alle.
- 12 Vær forberedt på å måtte evakuere til et tryggested.
- 13 Har du anledning og kapasitet, tilby hjelp til andre.
- 14 Diskuter og planlegg på forhånd alternative møtesteder for familien, om det blir umulig å møtes hjemme.
- 15 Alle må vite plasseringen av hovedstoppekran for vann og hovedinntak for strøm, og kunne bruke disse.
- 16 Ha i tillegg lett tilgang til:
 - Varme og tørre klær, vann- og vindtette ytterklær/sko
 - Førstehjelpsutstyr
 - Lykt m/ekstra batteri
 - Lys og tørre fyrstikker
 - Kniv og saks
 - Viktig verktøy /multi-verktøy
 - Papirkopier av alle viktige personlige papirer (pass, førerkort, osv.)
 - Toalett-papir
 - Våtservietter
 - Såpe
 - Sanitær og hygieneartikler for kvinner og småbarn
 - Klør
 - Kart over nærområde/region
 - Kontaktinformasjon til alle som er viktig for deg, på papir
 - Spill/leker for de minste, skolebøker/bøker for de unge
 - Tørr ved

Vi treng di hjelp for å få det til.
Kan du gje oss litt, slik at vi kan gje deg mykje tilbake?



Røde Kors
Beredskapsgiver